

Kommunereform er eit døme. Premissane for reforma er basert på feilslutningar om kva som fører til kvalitet i tenestetilbodet, for kva som skal føre til betre lokaldemokrati og til kva som skal gjere tenestetilbodet rusta for endringar (i framtida).

Mange har heller ikkje tillit til bakgrunnen for at prosessen skal gå så fort. T.d. NAV-reformen åleine tok dobbelt så lang tid - og denne var mykje mindre. I dette komplekset vaker også ferdig utarbeidde prosessplanar som er kverna gjennom PR-byrå for å selje det inn hjå innbyggjarane. Nokre av dei såkalla oppstartsmøta eller workshops eg har vore på saman med hundrevis av andre lokalpolitikarar, har utarta seg som reine propagandamøter utan sjanse for verken dialog eller reelle spørsmål til konkrete saker eller om grunnlaget for mange av påstandene og argumenta reforma. Sist regionrådet kalla inn 150 lokalpolitikarar vart det kalla ein workshop for oppstart - men i realiteten var det fire ferdigskrivne foredrag - det første av PriceWaterHouseC, det andre frå ei suksesshistorie frå Danmark som eg har lest om før, det tredje med "ferske data" frå "konsulentelskapet" "Geir Vinsand" og det fjerde av Kjell "Kjellen" Bigset. Då skulle workshop-delen starte - den varte i 15 min. Vi vart avbrotne etter at vi hadde helst på kvarandre. Slik arta reformarbeidet seg i region etter region. Dei som reiste rundt - invitert av Fylkesmannen - fortalte at det var det tredje showet den veka. Etterpå hadde avisene oppslag om at kommunalministeren var glad for at kommunene var i gang med samanslåing. Det heile er ei farse - og for mange politikarar - frå alle parti - er det framangjerande, eller verkelegheitsfjernt.

Det vart stilt eit spørsmål om prosess sist saka var oppe til handsaming - om dette var noko kommunene måtte gjere? Svaret kom nølande frå ein koalisjonsordførar - tja - vi kan jo sette i gang ein prosess - men det blir sjølv sagt ingenting av - det forstår alle, sa han.